

Arvid Villanger  
Rossnesvegen 414  
5937 Bøvågen  
Tone Fløysand

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/3769 - 23/56945

Saksbehandlar:  
Mikkel Bengtsson  
mikkel.bengtsson@alver.kommune.no

Dato:  
06.07.2023

## **Avslag på søknad om godkjenning av vald – gbnr. 418/9 og 6, 418/19, 418/30, Villanger**

**Administrativt vedtak: Saknr: 727/23**

### **VEDTAK:**

Med heimel i Forskrift om forvaltning av hjortevilt §9 gjev Alver kommune avslag på søknad om godkjenning av Kvitevaren hjortevald på gbnr. 418/9 og 6, 418/19, 418/30, Villanger.

Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga under.

### **Saka gjeld:**

Arvid Villanger, Jon Michelsen og Arve Rosnes søker i brev innsendt 30.04.2023, dagsett 25.04.2022 om å oppretta nytt hjortevald på eigedommane gbnr. 418/6 og 9, 418/19, 418/30, Villanger. Søknad er supplert med oppdatert/ utfylt søknadsskjema om godkjenning av hjort med underskrift frå jaktrettshavarane sendt inn 04.06.2023.

<b>Medlemmer i valdet:</b>	<b>Adresse</b>	<b>Gnr/bnr</b>	<b>Teljande Areal</b>
Arve Rosnes	Rossnesvegen 481, 5937 Bøvågen	418/19	26,7
Jon Mikkelsen	Rossnesvegen 455 5937 Bøvågen	418/30	1,7
Arvid Villanger	Rossnesvegen 414, 5937 Bøvågen	418/9 og 6	354,2
<b>Totalt samanhengande areal</b>			<b>382,6</b>

Dei tre jaktrettshavarane søker om å opprette Kvitevaren hjortevald for å ivareta jaktretten på eigedommane og dei ynskjer å få løyve til kvotefri felling av hjortekalv.

### **Alver kommune**

Postboks 4, 5906 Frekhaug  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no  
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559  
Organisasjonsnummer: 920 290 922


Arvid Villanger har tidelega søkt om å godkjent eigendomen si som eige vald og fått avslag. Det har vore forsøkt å få avtale om å få eige jaktfelt på eigendommen under Radøy Nord hjortevald, men grunna privatrettslege utfordringar med samarbeidet, har ikkje dette lukkast. Dersom kommunen avslår søknaden vil det vere til hinder for felling av hjort på eigendommen.

Søkjar skriv at området er godt eigne til jakt på hjort, er samanhengande og godt avgrensar. Total vil arealet utgjere 382,6daa, som overstig minsteareal for hjort i områda.

Utnemnt vald ansvarleg representant er Arvid Villanger, Rossnesvegen 414, 5937 Bøvågen.

Willy Villanger skal stå for jakta i valdet. Han er vald ansvarleg på Littlelindås og jaktar for fleire grunneigarar i Austrheim. Dei har difor den kompetanse og erfaring som skal til for å jakta på forsvarleg måte.

Kart er vedlagt søknad.



Figur 1 Kart frå søknad


#### VURDERING:

Administrasjonen vurderer at dei formelle krav til tidsfristar og underskrift av jaktrettshavarar med omsyn til søknad om godkjenning av vald er oppfylt. Kommunen førespurte eit utfyllt søknadsskjema om godkjenning av vald med oppdaterte underskrifter frå jaktrettshavarar. Dette vart mottat frå søker 04.06.2023. Den skriftlege søknaden er markert med feil dato, men på søknadsskjema er det rett dato.

Dei tre eigendommar omfattar eit teljande areal som er større enn minstearealet for hjort i denne del av Alver kommune (250daa).

I samsvar med Forskrift om forvaltning av hjortevilt § 9, krav til vald for jakt på elg, hjort og rådyr skal valdet være samanhengande og ha en avgrensing som gjer det brukbart til jakt på elg, hjort og/eller rådyr. Valdet må omfatte et teljande areal som minst tilsvara minstearealet for vedkommande hjorteviltart. Jaktrettshavarane skal oppnemne vald ansvarleg representant som opptrer på vegne av valdet overfor kommunen.

Det omsøkte hjortevaldet oppfyller ikkje kravet i §9 med omsyn til å vere eit samanhengande jaktbart areal. Hjortevaldet sine teigar ligg fordelt på eit større geografisk områda, og er dermed ikkje samanhengande. Valdet kan ikkje godkjennast når dette krav ikkje er oppfylt.



Figur 2 Gardskart for dei tre eigedomane som viser to frittliggjande teigar i nordvest

I samsvar med Forskrift om forvaltning av hjortevilt §11 skal kommunen utøve skjønn når de vurderer valdets form og avgrensing, og ta i betrakting at det som hovudregel er forvaltningsmessige fordele med store enheter. Der korrig strukturen på valdet (avgrensing, form, størrelse) er til hinder for ei rasjonell og effektiv viltforvaltning, bør kommunen i samarbeid med jaktrettshavarane arbeide for betre ordninga.

Hjortevaldets form og avgrensing vurderast problematisk med omsyn til rasjonell og effektiv viltforvaltning, grunna vanskar med samarbeid blant grunneigarar i områda. Oppbygginga eigedom og teigstruktur på Radøy sett høge krav til samarbeid om hjortejakta med omsyn til sikkerheit.

Administrasjonen har tidlegare oppfordra søker til, i samarbeid med Radøy nord hjortevald, å finne ei løysing ved å oppretta dei tre grunneigedommar som jaktfelt i Radøy Nord hjortevald. Dette er ikkje lukkast søker på grunn av hindringar av privatrettsleg karakter.

Kommunen har i fleire gongar snakka med leiar for grunneigarlaget, tidlegere hjortevaldsleiar og jaktfeltleiar på Villanger for å finne løysing på problemstillinga, men har ikkje klart å påverke saka i positiv retting.

Dessverre får samarbeidsvanskane mellom grunneigarar i området negative konsekvensar for den enkelte grunneigarars moglegheit for å drive jakt på hjort.

#### **Regelverk**

FOR-2016-01-08-12: Forskrift om forvaltning av hjortevilt.

#### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

#### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytt fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 23/56945

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

Mikkel Bengtsson  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Mottakarar:**

Arvid Villanger  
Tone Fløysand

Rossnesvegen 414                    5937                    Bøvågen